Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stryn

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Lærar Per Sæheim

Gard:

(adresse): Oppstryn

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A og B.

SVAR

1. Ard har neppe vore brukt her. Dei eldste som lever i dag kjenner ikkje til det. – Ein kan såleis gå ut frå at plogen har vore nytta også til slike ting som dei i andre bygder har nytta arden til.

2. Det har vore brukt å köyra plogen på kryss og tvers i åkeren før såinga. For å få kornet i molda har det vore brukt å draga ei horv.

6. Skoklane til plogen har vore kalla „skjåkene", „skanklane" eller „drettet". Det eldste drettet ein kjenner til såg slik ut:




Heile drettet var av tre.

2921

13. I dag bli det brukt berre fabrikklaga plogar. Å seia noko fast tid om når ein gjekk over frå heimelaga typar til dei moderne, er uråd å seia. Omlag 50 år sidan må det likevel vera. Dei eldre plogane vart laga av smedar i bygda. — Desse plogane vart betalte med omlag Kr. 20.- pr. stykke.

14. Plogen på fig. 11 er den mest kjende plogtypen her. Sameleis i nokon mon også den på fig. 8. Denne (fig. 11) vart kalla „kjölpeplog". Han såg ut omlag slik:




Veltefjöla var noko vridd. — Landsida (ila) som ho har vore kalla var av jarn.

15. Nei; dei brukte skorne til å grava av veltefjöla med.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16. Ein velte han på den sida som veltefjöla var.

17. Ja, det var på-slege ein tre-kloss på åsen som tente til å lyfta plogen opp-frå åkeren når ein köyrde attende.

18. Det var vanleg å ha ein högre – og ein vinstre=plog på garden. Dette for at molda i bratta ikkje skulle koma berre unna-bakke.

19. Slike plogar köyrde ca. 20cm djupt. Ein kunne regulera djupna med eit stille bak i åsen. Det såleis: Åsen hadde tapp gjennom den bakerste hand-tak-standaren. Tapp-holet var lenger enn breidda på åsen. Når ein så ville ha plogen til å gå djupare t.d. så sette ein inn ein tre-kile (fig. sjå ☐!) opp-på åsen. – Ville ein ha plogen til å gå grunt så förde ein åsen oppover og la tre-stykke under. – – Hjul vart nytta i seinare tid. Kva namnet var er uråd å seia.

20. I eldste tider var der ikkje ristill (kniv) på plogan. men

2921

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i seinare tider vart det derimot vanleg å ha det.

21. Nei; dette har ikkje vore nytta.

22. Ein har ikkje brukt anna slede enn hjulvogn (den vanlege) til å köyra plogen til åkeren med. Ofte vart han og berre dregen etter drettet til åkeren.

23. Ukjend plogtype her.

Andre opplysningar:

Ein har lite eller inkje kjennskap til andre typar eller særskilde namn på plogar. Kan berre nemna at plogar med berre eitt styre, har vore kalla: „Bak=styre=plogar." –

Ordet plog har vore utt.: plog. Plog er hankyn i bygdemålet. Ein seier: ein plog – plogen – plogane.

2921
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING